

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

MOTTATT

13 APR. 2017

22

Galteråsen AS
Møllendalsveien 68B
5009 BERGEN

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljaranlegg. Førehandsvarsel om tilsyn

Vedlagt følger brev frå Lindås kommune

Lindås kommune har tatt i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

I staden for å få brev på papir kan du få det levert til digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Om du ikkje har digital postkasse vil du få brev i Altinn. Les meir på <http://www.lindas.kommune.no/> eller på www.norge.no.

Bedrifter og organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via ei rolle som er definert på førehand. Varsel blir sendt til registrert e-postadresse. Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing
Lindås kommune



Galteråsen AS
Møllendalsveien 68B
5009 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/78 - 17/10180

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2017

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljaranlegg. Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar – driftsår 2016 – for Dykkar anlegg.

Bedrifter som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn har krav om oljeutskiljar. Kommunen skal føre tilsyn med utskiljaranlegg som faller inn under forureiningsforskrifta § 15-1. I enkeltvedtak (løyve) har kommunen sett krav om innsending av årsrapport for utskiljaranlegg. Det skal sendast inn ei rapport for kvart anlegg.

Årsrapport skal innehalde følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på utført tømning og vedlikehald av anlegg,
- type anlegg, størrelse etc,
- analyse av utsleppsvatn. Bedrifter som har bilvaskeanlegg må levere inn minimum to analyseprøver (vår og haust) per år, og
- kopi av tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør (signert av begge partar).

Årsrapporter skal være kommunen i hende seinast 01.februar påfølgjande år. Frist for innsending av årsrapport for - driftsår 2016 - var 01.02.2017.

Teknisk drift sett nå ei ny frist for innsending av årsrapport. Ny frist for innsending: **Tysdag 18.04.2017.**

Det er viktig at kommunen har kontroll over anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Dette gjeld spesielt for anlegg som har utslepp på kommunalt leidningsnett. Olje påfører leidningsnett, kummer, pumpestasjoner og reinseanlegg skader. Dette fører til at kommunen får auke i drifts- og vedlikehaldskostnadene. Dette er kostnader som kommunen må dekket inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Ved å sende inn årsrapport skal eigar av utskiljaranlegg dokumentere at anlegget overheldt krav til utslepp og at anlegg får nødvendig tilsyn og vedlikehald. Ved gjennomgang av årsrapport skal kommunen vurder anlegget sin funksjon og om det er behov for setje i gong tiltak for å auke anlegget sin reinseeffekt. Årsrapportene gir òg kommunen grunnlag for å vudere behov for tilsyn. Bedrifter som har gode drifts-, vedlikehalds- og rapporteringsrutiner er med på å redusere kommunen sitt behov for å utføre tilsyn.



Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglende innrapportering av anlegg, ser vi at det er eit klart behov for å utføre tilsyn av anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev førehandsvarsel om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Dette brev anses som førehandsvarsling etter forvaltningsloven § 16.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2, «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Administrative bestemmelser» og enkeltvedtak (løyve) at kommunen skal føre tilsyn med og krev innsending av årsrapport for anlegg. Ved tilsyn og krav om innsending av rapport skal kommunen påse at bedriftene følgjer føresegna gitt iht til gjeldande regelverk som er nemnt ovanfor.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND
Autoklinikk	Stølen 9A	5911	ALVERSUND
Bil Båt og Fritid AS	Galteråsen 6	5916	ISDALSTØ
Bøkevoll Eiendom AS	Mongstad Sør	5954	MONGSTAD
Dekkhuset AS	Blombakken 4	5911	ALVERSUND
Eknes Karosseri AS	Leknesvegen 254	5915	HJELMÅS
Entreprenørparken AS	Kvassnesvegen 33	5914	ISDALSTØ
Fammestad Næringsbygg AS	Lønningsflaten 26	5258	BLOMSTERDALEN
Fixbil Knarvik AS	Kvassnesveien 41	5914	ISDALSTØ
Gabben Bensinstasjon AS	Alverflaten 274	5911	ALVERSUND
Galteråsen 758 AS	Galteråsen 758	5914	ISDALSTØ
Galteråsen AS	Møllendalsveien 68B	5009	BERGEN
Galteråsen Eiendom AS	Galteråsen 10A	5916	ISDALSTØ
Guldbrandsøy Eiendom AS	Sandviksbodene 3	5035	BERGEN
H Sandvik AS	Galteråsen 4	5916	ISDALSTØ
Hamregruppen AS	Postboks 2 Fana	5859	BERGEN
Hobby Boat Eiendom AS	Øyna 1	5913	EIKANGERVÅG
Hope Eiendomsselskap AS	Grønfjellia 61	5955	LINDÅS
Hordasmia Holding AS		5916	ISDALSTØ
Hundvinbu AS	c/o Afford Status AS v/Randi Jensen	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Knarvik Helsetun AS	Maråsvegen 67 c/o Olav Kåre Vatnøy	5914	ISDALSTØ
Kvassnesvegen 32 AS	Kvassnesvegen 48 Kvernhusaugane 2	5914	ISDALSTØ
Kvassnesvegen 33 AS Moberg AS	Kvassnesvegen 33 c/o Krom Holding AS Alvervegen 25	5914 5911	ISDALSTØ ALVERSUND
Nordhordland Bilberging AS Psw Holding li AS	Leknesvegen 254 Mongstad Næringspark Storemyra 247	5915 5954	HJELMÅS MONGSTAD
Reikerås Industri AS	c/o Oddvar Reikerås Eidavegen 151	5913	EIKANGERVÅG
Seljelid Truckutleie Mongstad AS	Dokkeskjærskaien 23	5006	BERGEN
Tide Eiendom Hordaland AS Vaage Eiendom AS	Postboks 6300 Osterfjordvegen 1220	5893 5913	BERGEN EIKANGERVÅG

